

Styremøte i Voss Idrottsråd 3.1.18

Idrettshallen

Møtt: Einar, Nils, Frode, Olav, Sven Oscar, Brit Elisabeth, Renate, Nils Helge (folkehelsekoordinator, Voss Kommune)

1. Oppfølging av siste møtereferat.

OK.

2. Prioritering av tippemiddelsøknadar.

Nils Helge orienterte:

Søknadssum for ordinære anlegg i 2017 auka frå 24 millionar til 75 mill, og det førte til auke i tildelte midlar, som gjekk frå ca 7 mill til 14,3 mill. Nærmiljøanlegg får i snitt tildelt 51% av søknadssum, medan ordinære anlegg ligg på 19% tildelt av søknadssum i 2017 (skuldast store anlegg).

Styret er einig i prioriteringslista til Voss Kommune v/folkehelsekoordinator Nils Helge Kvamme. Sjå vedlegg.

3. Status økonomi

Gjennomgang av rekneskap for Idrottsrådet og forprosjekt OL på Vestlandet ved Frode Rokne. Økonomien er god, og såpass god at me har høve til å stimulere trenarar i klubbane med trenarkurs blant anna, og vurderer å sette av pengar til dette frå neste år.

Vedtak: Me vurderer å videreføre støtte til trenarkurs og vil gjerne evaluere tidlegare tildelingar til dette for å finne ut om det er fornuftig og nyttig å tildele framover. Me ynskjer å invitere trenarar i klubbane som har fått pengar til å delta på møte med Voss Idrottsråd til våren. Planlegging fortset på seinare styremøte.

VIR vurderer også å støtte med ein viss prosentdel til nye idrettslag som er ynskt etablert, i tillegg til at me vil undersøke høve til å bidra med kompetanse/malar/"smørbrødtype", og me tek også dette opp på seinare styremøte.

4. Ref årsmøtets vedtak: fakturering av medlemskap

Olav lagar vedleggsskriv til faktura, og Brit Elisabeth er med og sender ut då ho alt har epostadressene til klubbkontaktane. Det blir fakturert kr 5,- pr medlem. Frode undersøker med bank og digitale rekneskapssystem kva som er mest rasjonelt å gjere.

5. Status regulering sentralidrettsanlegg.

Det er kome eit nytt innspel frå Øystein Måkestad om full skøytebane på 400m, og dette forslaget krev at det vert eit nytt møte i brukargruppa.

6. Status frå Idrettens olympiade

Arbeidsmøte i des 2017 der Oddvar Jensen, Visepresident NIF var invitert. Idrettens olympiade hadde 6 spm dei ynskte svar på: 1. Kva årstal bør ein søka på (2030 mest

realistisk), 2. Korleis handtere Stavanger som er i tenkeboksen (evt inkludere Sogn pga regional forankring, men kommunikasjon/logistikk viktigast), 3. kva øvingar skal gjennomført kvar (profesjonelle må ta seg av det, men gjenbruk viktig element), 4. kven kan me bruka for å konkretisere pkanen for OL (henta kompetanse frå lfeire aktørar alt etter ulik spisskompetanse), 5. kva kan me leggja til Sogn, 6. korleis handtere Lillehammer og Telemark med omsyn til vår søknad (Lillehammer står sterkast, Trondheim er interessert og interessant i samarbeid med Sverige).

Arbeider med planleggingsseminar med Norconsult over 2 dagar, og ekskursjon til Lillehammer i februar. Mål: begynne på ein forstudie, og få tak i meir midlar.

Det vil informerast på årsmøte om at Idrettens Olympiade er stfita, og kva som konkret ligg i dette (økonomi, framdrift, planar, samarbeid, konsekvensar osv), og la idrettslaga behandle saken. Viktig å ha idrettslaga/grasrota i ryggen.

7. Eventuelt

ingen saker

Vedlegg

Nærmiljøanlegg

| Prioritet | Flytte | Beskrivelse | Søker | Anleggsnavn | Søknadstype | Arbeidsstatus | Søknadsbeløp |
|-----------|--------|------------------------------------|--------------|-------------------------------------|-------------|------------------|--------------|
| 1 | -1 | Etablering av Fleraktivitetsområde | VOSS KOMMUNE | Vangen skule, aktivitetsanlegg | Fornyet | Ferdig behandlet | 163000 |
| 2 | -1 | Etablering av Ballbane | VOSS KOMMUNE | Ballbane Nye Lundhaugen barnehage | Fornyet | Ferdig behandlet | 300000 |
| 3 | -1 | Etablering av Fleraktivitetsområde | VOSS KOMMUNE | Pumptrack Voss aktivitetspark | Fornyet | Ferdig behandlet | 300000 |
| 4 | -1 | Rehabilitering av Ballbinge | ELDAR IL | Sundve ballbinge | Fornyet | Ferdig behandlet | 179000 |
| 5 | -1 | Etablering av Fleraktivitetsområde | VOSS KOMMUNE | Akebakke ved Klausabakken barnehage | Ny | Ferdig behandlet | 300000 |

Ordinære spelemidlar

| Prioritet | Flytte | Beskrivelse | Anleggsnavn | Søker | Søknadsdato | Søknadstyp | Arbeidsstatus | Inn | Søknadsbeløp |
|-----------|--------|---|--|--------------------------|-------------|------------|------------------|-----|--------------|
| 1 | -1 | Rehabilitering av Kunstgressbane | Prestegardsmoen kunstgrasbane | VOSS FOOTBALL AS | 2017-12-12 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 1000000 |
| 2 | -1 | Etablering av Klubb- og møtelokaler | Voss golf og aktivitetspark-klubbhus | VOSS GOLFBANER AS | 2017-10-23 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 306000 |
| 3 | -1 | Etablering av Kunstgressbane | Sundve idrettsplass, kunstgrasbane | ELDAR IL | 2017-11-20 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 2238000 |
| 4 | -1 | Etablering av Baneområde og bygningsmasse | Nye Voss vidaregåande skule idrettshall | HORDALAND FYLKESKOMMUNE | 2017-12-11 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 5000000 |
| 5 | -1 | Rehabilitering av Baneområde og bygningsmasse | Voss idrettshall | VOSS KOMMUNE | 2017-12-15 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 500000 |
| 6 | -1 | Etablering av Standplass og skyteskiver | Skjerve skytebane Leirduebane | VOSS JEGER OG FISKARLAG | 2017-11-30 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 901000 |
| 7 | -1 | Etablering av Standplass og skyteskiver | Skjerve skytebane Elgbane | VOSS JEGER OG FISKARLAG | 2017-11-30 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 273000 |
| 8 | -1 | Etablering av Lager/garasjebygg | Voss ski- og tursenter Lagerbygg | VOSS SKI OG TURSENTER AS | 2017-12-04 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 1000000 |
| 9 | -1 | Etablering av Baneområde og bygningsmasse | Nye Voss Gymnas idrettshall | HORDALAND FYLKESKOMMUNE | 2017-12-11 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 10000000 |
| 10 | -1 | Etablering av Baneområde og bygningsmasse | Nye Voss gymnas basishall | HORDALAND FYLKESKOMMUNE | 2017-12-11 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 4000000 |
| 11 | -1 | Etablering av Garderøber | Nye Voss Gymnas idrettshall | HORDALAND FYLKESKOMMUNE | 2017-12-11 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 1000000 |
| 12 | -1 | Etablering av Trase | Turløype Herresåsen - Skutlesmarki del 2 | VOSS SKI OG TURSENTER AS | 2017-12-04 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 1000000 |
| 13 | -1 | Etablering av Basseng og bygningsmasse | Vossabadet konkurransebaseng | VOSS KOMMUNE | 2017-12-15 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 21000000 |
| 14 | -1 | Etablering av Stupebaseng og stupetårn | Vossabadet stupebaseng | VOSS KOMMUNE | 2017-12-15 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 7000000 |
| 15 | -1 | Etablering av Basseng og bygningsmasse | Vossabadet opplæringsbaseng | VOSS KOMMUNE | 2017-12-15 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 4200000 |
| 16 | -1 | Etablering av Sikkerhets-/overvåkningsutstyr | Vossabadet konkurransebaseng | VOSS KOMMUNE | 2017-12-15 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 700000 |
| 17 | -1 | Etablering av Sosiale rom | Vossabadet konkurransebaseng | VOSS KOMMUNE | 2017-12-15 | Fornyet | Ferdig behandlet | ## | 500000 |